

Blomvågen

KVALBEINFUNNET

«Ein av dei store vitenskaplege sensasjonar» var overskrifta i *Bergens Tidende* 22. november 1941. Det var geologen ISAK UNDÅS som uttalte seg til avisa. Han meinte å ha funne 120 000 år gamle kvalbein, restar etter liv frå før den siste istida.


Beinfunnet var gjort av arbeidsfolk som grov dreneringsgrøfter for den nye gravplassen ved kyrkja i BLOMVÅGEN. Isak Undås konstaterte at beina låg under morenen. På grunnlag av kunnskapen om istidshistoria på den tida meinte geologen at kvalen måtte ha levd før den siste istida. Så gamle var avsetjingane ikkje. Etter at C-14-metoden var oppfunnen, vart beina i 1960-åra daterte til å vera frå 12 200 til 12 600 C-14-år gamle. Dette svarar til om lag 14 200 til 14 600 år før notida. Likevel er Blomvågfunnet med sin beinrikdom einestående i Noreg (KVH s. 286). Morenen over det beinførende laget er nykelen til tolkinga. Som Isak Undås òg konkluderte, viser morenen at breen dekte Blomvågen etter at beina var avsette. Det blir i våre dagar tolka slik at det var ein kort, isfri periode nær slutten av den siste istida. I denne perioden

var det eit yrande liv ved Blomvågen, sikkert òg på resten av vestkysten (©67).

Dei enorme beina av grønlandskval var mest forvitnelege i Blomvågfunnet. Denne store bardekvalen lever i dag i farvatna ved Grønland og Svalbard. Kvalbeina og andre typar bein og skjel viser at klimaet ved Blomvågen i den isfrie perioden var om lag som på Finnmarkskysten i dag. Faunaen var dominert av skjel, fisk og fugl. Geirfuglen var alt komen til landet, ein art som vart utrydda på midten av 1800-talet. På landjorda var det beitegrunnlag for reinsdyr. Det er naturleg å tenkja seg at menneske følgde i spora til reinen frå Europa, men prov på dette vart ikkje funne i Blomvågen. Dei beinførende laga vart avsette på grunt vatn i sjøen. I Øygarden stod havet på den tida om lag 30 meter høgare enn no.



Kvalbein frå Blomvågfunnet.
Målestokk 20 centimeter. (Svein Skare)



Skisse av lagfølgja på gravplassen i Blomvågen.
(Jan Mangerud/Eva Bjørseth)



Blomvågen 1851. Olfjemåleri av Hans Leganger Reusch, far til den kjende geologen Hans Reusch.

HÅBRANNFISKET I ØYGARDEN

Det finst stor hai i Hordalands haugap. Mellom dei aller største er håbrannen, som kan bli over 200 kilo, og svært gammal. Slike ruggar er sjeldne i våre farvatn, men hordalendingane – og særleg strilane i Øygarden – bar vore mellom dei aller fremste i fisket etter denne arten.

Håbrannfisket i Hordaland bar vore drive sidan slutten av 1930-åra, og då som eit kystfiske. Dåverande Herdla kommune hadde 15 av dei 16 båtane som bøyrdde heime i vårt fylke. Med tida utvikla dette fisket seg til eit havfiske med drivline og trål, der mannskapet oftast måtte vera på sjøen i tre veker om gongen. Fiskarane frå Øygarden drog for det meste til Vikingbanken, Doggerbank og farvatna kring Sbetland, Orknøyane og Hebridane. Vest i havet var både bestanden og fiskane større enn på Hordalandskysten. I 1960 og 1961 var båtane «Havøy» og «Rongøy» frå Øygarden med på eit prøvefiske i Irskesjøen, med godt resultat. I slutten av 1960-åra var den samla norske håbrannfangsten oppe i 960 tonn.

Det meste av fangsten vart eksportert til Italia, Tyskland og Tsjekkoslovakia gjennom håbrannfiskarane sitt salslag i Bergen. I 1964 vart kontoret flytta til Ålesund. Då hadde møringane teke til med storfiske etter håbrann ved Newfoundland. Det enda med overfiske, og det kom til å gå lang tid før det vart mogleg å driva dette fisket på våre kantar att. I dag er ikkje håbrannfisket lønsamt, men haien er velsmakande og ein ettertrakta sportsfisk, ei dugleg utfordring for havfiskarar med stong.

Halvdan Rong med håbrann om bord i Rongøy ved Martinussens fryseri i Sandviken, 1954. Mannen ved vektia i bakgrunnen er bâteigaren, Anders Kvalbeim Rong.



Pattedyr:

Reinsdyr	10
Grønlandssel	5
Grønlandskval	108

Fisk:

Torsk	7
Sei	1
Raudspette	16
Ulke	1

Fugl:

Havhest	1
Havlire	2
Ærfugl	46
Praktærfugl	23
Svartand	3
Sjøorre	2
Havelle	4
Gråmåse	1
Svartbak	1
Krykkje	2
Alke	4
Lomvi	14
Polarlomvi	3
Teist	1
Geirfugl	4
Ramn	1

Tabell som viser talet på beinfragment frå Blomvågfunnet som finst i samlingane på Bergen Museum.